SULDAL
KOMMUNE

Skattkammeret
Suldal

Oversiktsdokument
Folkehelse 2019

Suldal

Foto i dokumentet: Fotograf Nordtveit

Innhald

Innleiing 4
Befolkningssamansetning 0
Oppvekst 2
Levekår 4
Fysisk, biologisk, kjemisk og sosialt miljø (miljøretta helsevern) 6
Skadar og ulukker 8
Helserelatert åtferd 9
Helsetilstand 10

Innleiing

Folkehelselova gir kommunane ansvar for å føre oversikt over helsetilstanden i befolkninga, samt dei positive og negative faktorane som verkar inn på denne. Kvart fjerde år skal kommunen utarbeide eit oversiktsdokument knytt til folkehelse som skal ligge til grunn for det langsiktige folkehelsearbeidet i kommunen. Oversiktsdokumentet skal vere klart ved oppstart av det nye kommunestyret sitt arbeid med planstrategi.

Oversikta skal ta føre seg følgjande punkt:

- Befolkingssamansetning
- Oppvekst og levekår
- Fysisk, biologisk, kjemisk og sosialt miljø
- Skader og ulukker
- Helserelatert åtferd
- Helsetilstand

Ut frå faktorar knytt til dei nemnde punkta ovanfor skal kommunen gjere faglege vurderingar av årsaksforhold og konsekvensar, identifisere ressursar og folkehelseutfordringar lokalt og regionalt samt trekkje fram faktorar som kan skape eller oppretthalde sosiale eller helsemessige problem eller sosiale ulikheiter i helse.

Det vil kvart år publiserast ei oppdatert, ny «årleg folkehelseoversikt» etter at sentrale myndigheter har publisert sin oppdaterte statistikk. Ei slik årleg oversikt vil kunne gi eit godt fagleg grunnlag for slutningar i administrasjonen og hjå politikarane. For Suldal kommune vert denne oversikta synleggjort i allereie eksisterande planar og dokument som t.d. økonomiplan med handlingsprogram.



90-10-regelen (Wildavsky 1977) frå NOU 1998:18, Det er bruk for alle. Folkehelse er eit vidt felt og famnar om både einingane innan helse/omsorg og oppvekst men like viktig teknisk, bygdeutvikling, kultur med fleire. Berre 10% av folk sine helseproblem kan helsetenesta gjere noko med, av den grunn treng me å jobbe saman på tvers av einingane til det beste for folkehelsa i Suldal kommune.

Utvalde faktorar for 2019

Dei utvalde faktorane og forhold som kommunen skal følgje særleg med på er hovudsakleg utvald på bakgrunn av:

- Indikatorar i folkehelseinstituttets folkehelseprofil for kommunen som syner negative tendensar
- Jamlege undersøkingar i dei ulike einingane, t.d. elevundersøking og Ungdata
- Vurderingar/førespurnad frå den lokale statistikkgruppa/rådmann og strategisk leiargruppe.

Hensikta med dokumentet er at det skal vere kortfatta og lettlest. Kvart tema har ei kort skildring av status og ein definisjon av hovudutfordringane. Hovudutfordringane vert understøtta av diagram og det er ei punktvis beskriving av moglege behov.

Befolkningssamansetning

Befolkningsutvikling vert sett på som den eine store indikatoren for regional utvikling. Ønskje om befolkningsvekst har samanheng med fleire forhold som m.a. kommunen sitt inntektsgrunnlag og tilgang på arbeidskraft. Kommunen har ei relativt gjennomsnittleg befolkningssamansetning. Me har litt færre innbyggarar i alderen 18-49 år, litt fleire barn og litt fleire i aldersgruppene frå 50 år og oppover samanlikna med fylket og landet elles. Generelt i samfunnet ser me at talet eldre aukar og dette kan føra med seg auka behov for helsehjelp.

Etter mange år med høg innvandring og befolkningsvekst (2008-2016), så byrja talet å falle. I byrjinga av 2016 var me meir enn 3900 innbyggarar. Per andre kvartal 2019 har me 3794 innbyggarar. Tilbakegangen skyldast netto utflytting. Det er mange som flyttar ut for å studere. Utfordringa er å få dei heim igjen. Fødselstala går også ned, men det er små tal i forhold til alle som flyttar ut.

I 2019 utgjer tal innvandrarar 10,3%. Det er ein liten nedgang i frå året før. Det er mange arbeidsinnvandrarar i frå europeiske land (utgjer cirka 50% av tal innvandrarar). I tillegg har me tatt imot flyktningar i frå blant anna Somalia, Eritrea, Kongo og Syria. Suldal tek imot 10 flyktningar i år. Til neste år har IMDI oppmoda Suldal om å ta imot 15 flyktningar. Innvandrardelen er lågare samanlikna med fylket, landet og dei fleste nærliggande kommunane. Innvandrarbefolkninga er ei samansett gruppe når det gjeld m.a. sosioøkonomiske status, innvandringsgrunn og opphaldstid. Kommunal kompetanse om helse hjå flyktningar og innvandrar er ein føresetnad for å lukkast med helsefremmande og førebyggande arbeid.

I 2040 vil me i følgje framskrivingar vere cirka 300 færre innbyggjarar og alderssamansetninga vil vere annleis. Det vil bli færre barn og færre innbyggjarar i yrkesaktiv alder, og samtidig vesentleg fleire eldre innbyggarar. Berekraftsbrøken (tal personar i yrkesaktiv alder i forhold til tal eldre) vil gå i frå 3,1 i 2020 til 2,0 i 2040.

Ut frå grafane ser me at det over tid har blitt færre innbyggjarar i kommunen i arbeidsfør alder. I tillegg viser me i avsnitta om levekår og helsetilstand til at ein ser ei auke i talet på uføretrygda og sjukmeldte. Dette gir utfordringar når det gjeld rekruttering og å behalde tilsette i jobb. Når ein ser at talet på eldre over 80 år vil auke dei kommande åra er det sannsynleg at behovet for helsetenester for denne gruppa vil auke. Eit reelt utfordringsbilete som kommunestyret bør løfte opp er kva tiltak ein kan setje i verk for at innbyggjarane i arbeidsfør alder skal stå i arbeid lenger, korleis ein kan rekruttere fleire til å jobbe og bu i kommunen samt kunne tilby tenester til den aldrande befolkninga som over tid vil auke.



Kjelde: SSB, utvikling befolkning fordelt på alder, middel-alternativet (MMMM). Fødselsoverskot = tal fødde minus ta døde. Nettoinnflytting = innflytting minus utflytting



Kjelde: SSB, utvikling befolkning fordelt på alder, middel-alternativet (MMMM)

Hovudutfordringar

- Befolkningssamansetning
- Utflytting (nedgang)

Moglege behov

- Aukande behov for helsepersonell, helsetenester til eldre og førebyggjande tiltak på eldresentra.
- Auka tenestebehov
- Rekrutteringsarbeid
- Bustadar tilrettelagt for eldre

Oppvekst

Oppvekst og utdanning er viktige føresetnader for helse og livskvalitet. Folk si helse er i stor grad bestemt av sosioøkonomiske levekår som utdanningslengde, inntekt og yrke.

Integrering og sosialisering

Suldal kommune har dei siste åra fått fleire minoritetsspråklege barn i barnehage og skule. Både barnehage og skule er viktige satsingsområde for integrering og sosialisering, ikkje berre for borna men også for foreldra. Barnehagen har difor ei viktig oppgåve i å rekruttera fleire minoritetsspråklege barn til barnehagane.

Av totalt 218 barnehagebarn er 41 barn minoritetsspråklege (18,8%). Dei fleste av desse går i Sand barnehage der totalt 37% av barna minoritetsspråklege. Barn som har lært norsk før skulestart, klarer seg betre på skulen, det er difor viktig at barnehagane sikrar god stimulering av det norske språket.



Kjelde: SSB, tal minoritetsspråklige barn i barnehage

Skulevegen

Trygg skuleveg = god folkehelse.

Nokon av skulevegane i Suldal er farlege for gåande og syklande elevar, fleire blir difor skyssa med bil. Det er nødvendigvis ikkje bra for miljøet, og heller ikkje for helsa til borna.

Nokon av skulevegane er også utsette for ras og steinsprang.

I Suldal blir 269 av 511 (52,5%) elevar skyssa til skulen grunna avstand og/eller farleg skuleveg.

Mobbing

Barn og ungdom som vert utsett for mobbing har opptil sju gongar høgare risiko for psykiske plagar som angst, einsemd og rastløyse, enn barn som ikkje blir mobba. Det er eit alvorleg problem som nokre elevar på ungdomstrinnet opplever. Dei som vert mobba er særleg utsette for fysiske og psykiske problem seinare i livet.

Ungdata undersøkinga gjennomført i mars 2019 på ungdomstrinnet syner at 9 % av elevane opplever å bli mobba minst kvar 14. dag.

Tidstrend i Suldal, prosentdel ungdomsskuleelevar som vert mobba minst kvar 14. dag. Kjelde: Ungdata, 2019, mobbing

Motivasjon og læringsmiljø

Motivasjon har ein sentral plass i skuleforsking fordi det har vist seg å ha betydning for prestasjonar på kort og lang sikt. En viktig komponent ved god psykisk helse er å utføre noko som gir meining for oss og det å oppleva meistring. Læringsmiljøet på skulen og elevane si motivasjon og meistring vert gjensidig påverka av kvarandre. Tala frå Elevundersøkinga skuleåret 2018-2019 syner at motivasjonen til elevane på 7. og 10. trinn i Suldal er noko lågare, samanlikna med Rogaland og landet.

Delskår	2014-15	2015-16	2016-17	2017-18	2018-19
Er du interessert i å lære på skolen?					
Suldal kommune	4,3	4,1		4,1	3,8
Rogaland fylke	4,3	4,3	4,2	4,2	4,1
Nasjonalt	4,3	4,2	4,2	4,2	4,1
Hvor godt liker du skolearbeid?					
Suldal kommune	3,3	2,9		3,6	3,0
Rogaland fylke	3,7	3,6	3,6	3,6	3,5
Nasjonalt	3,7	3,7	3,7	3,7	3,6
Jeg gleder meg til å gå på skolen					
Suldal kommune	3,7	3,0		3,8	3,2
Rogaland fylke	3,9	3,9	3,9	3,9	3,8
Nasjonalt	4,0	4,0	4,0	3,9	3,8

Elevundersøkinga 7. trinn. Kjelde: skoleporten.udir.no

Delskår	2014-15	2015-16	2016-17	2017-18	2018-19
Er du interessert i å lære på skolen?					
Suldal kommune	3,9		3,6	3,7	3,8
Rogaland fylke	4,0	3,9	3,9	3,9	3,9
Nasjonalt	4,0	4,0	4,0	3,9	3,9
Hvor godt liker du skolearbeid?					
Suldal kommune	2,7		2,8	2,8	2,7
Rogaland fylke	3,1	3,1	3,2	3,1	3,1
Nasjonalt	3,2	3,2	3,2	3,2	3,2
Jeg gleder meg til å gå på skolen					
Suldal kommune	3,1		3,1	3,2	2,9
Rogaland fylke	3,3	3,3	3,3	3,3	3,3
Nasjonalt	3,4	3,4	3,4	3,4	3,4

Elevundersøkinga 10. Trinn. Kjelde: skoleporten.udir.no

Hovudutfordringar:

- Integrering og sosialisering
- Barn og unge opplev mobbing
- Motivasjon på skulen
- Trygge skulevegar

Moglege behov:

- Fokus på språkarbeid for minoritetsspråklege barn og elevar
- Flest mogleg elevar kan gå eller sykla til skulen sin, eller bli transportert på ein trygg skuleveg
- Auka ressursar for psykisk helsehjelp til barn og unge
- Auka fokus på elevmedverknad

Levekår

Levekår er ein viktig påverknadsfaktor for helse og livskvalitet. Folk si helse er i stor grad bestemt av sosioøkonomiske levekår som utdanningslengde, inntekt og yrke. Forsking syner at det er ein samanheng mellom inntektsnivå og helsetilstand. Låg inntekt aukar risikoen for dårleg sjølvopplevd helse, sjukdom og for tidleg død. I Suldal er det ein noko høgare andel personar med middels eller høg utdanning i kommunen enn gjennomsnittet i landet og fylket.

Ungdom og arbeid

Statistikk frå NAV viser at det dei siste åra ikkje har vore ei auke i ungdom som står utanfor arbeid. Både tal på arbeidsledige ungdom, ungdom som mottek arbeidsavklaringspengar og ungdom som har mottatt økonomisk sosialhjelp har halde seg stabilt. NAV lokalt melder om at ungdommane som er tilmeldt NAV no, har større utfordringar og står lenger frå arbeid no enn tidlegare. Helserelaterte utfordringar er det ein ser mest av. I tillegg er det mange av ungdommane som ikkje har fullført vidaregåande opplæring og som heller ikkje har arbeidserfaring og med det har vanskar med å skaffe seg arbeid. 3 av 4 som er registrert hjå NAV under 30 år med nedsett arbeidsevne har ikkje fullført vidaregåande.

Eit viktig fokusområde er tett oppfølging av ungdommane og eventuelle arbeidsgjevarar. I budsjettet for 2020 er det spelt inn eit tiltak der ein over tre år skal jobbe med tett oppfølging av ungdom som står utanfor arbeid og det skal nyttast metodikk tilpassa ungdommen, t.d. «jobbspesialist»

NAV melder også om at ressursane knytt til oppfølgingstenesta i vidaregåande skule er redusert og med det er det også vanskelegare for den vidaregåande skulen å følgje opp elevar som droppar ut. Ei viktig satsing i arbeidet med barn og unge er også tidleg innsats før dei vert ungdommar slik at sjansane for at nokon ramlar ut av vidaregåande vert mindre. På denne måten kan tiltak setjast inn slik at sjansane for å fullføre eit fagbrev eller høgare utdanning som kvalifiserer til arbeid. Dette er bra både for den enkelte ungdom, men også reint samfunnsøkonomisk ettersom det ein set inn av tiltak tidleg er det som gir mest igjen til samfunnet når barnet vert vaksen. BTI-arbeidet (betre tverrfagleg innsats) er eit godt døme på tidleg innsats som ein bør halde fokus på dei kommande åra slik at det vert godt integrert i alle einingar som jobbar med barn og unge.

Arbeidsuføre

10% av innbyggarane i Suldal i alderen 18-67 år er uføre. Tal uføre har auka i alle aldersgrupper utanom for dei over 60 år. Auka har vore på 70% i frå 2009 for dei mellom 40 og 59 år. No er 7% av alle 40-åringar og 17% av alle 50-åringar uføre, mot 4% og 10% i 2009. Noko av endringa skyldast omlegginga i frå tidlegare stønadar til arbeidsavklaringspengar, som hovudregel har ei makslengde på 3 år. Tidlegare kunne personar gå på ulike ordningar over lang tid utan å bli uføretrygda. Det er også ei auke blant unge uføre på 30% i frå 2009, men talet gjekk ned i frå 2018 til 2019. I perioden 2010 til 2019 har det blitt 24 færre på arbeidsavklaringspengar og 34 fleire personar på uføretrygd. Tidlegare var det cirka like mange uføre kvinner som menn, men sidan 2015 så har tal uføre kvinner auka mest. No er 11% av kvinnene uføre mot 9% av mennene (i arbeidsfør alder).

Med aukande tal arbeidsuføre innbyggjarar er det grunn til å tru at også levekårsutfordringane kan auke ettersom denne gruppa har lågare inntekt og ikkje har tilknytinga til arbeidslivet lenger. Det er ei tilråding til kommunestyret å følgje med på denne utviklinga



Kjelde: NAV, tal uføre per år fordelt på alder
Me ligg likt med landsgjennomsnittet (tal for 2018). Talet for unge uføre i aldersgruppa 25-34 år er spesielt høgt i 2018. Talet er vesentleg lågare i 2017, og er på vei ned igjen i 2019.



Kjelde: NAV, tal uføre per år fordelt på alder

Barnefattigdom
Det bur cirka 900 barn under 18 år i Suldal kommune. Av desse bur ca 90 stk (10%) i hushald med vedvarande låg inntekt. Eu-skala 60% = hushaldet har mindre enn 60% av medianinntekten i kommunen.
I familiar med låg inntekt kan borna ha større risiko for å utvikla helseutfordringar og utanforskap. Forsking viser at låg inntekt og utfordringane det kan føra med seg kan gå i arv.
Suldal har ein betydeleg lågare andel av born med einslege forsørgjarar enn landet og Rogaland. Andel personar under 18 år som bur i låginntektshushaldningar er lågare i Suldal både når ein samanliknar med fylket og landet men tala for kommunen viser likevel ei jamn auke.



Kjelde: SSB, % barn i hushald med låg inntekt

Hovudutfordringar:

- Tal på uføre
- Ungdom og arbeid
- Barnefattigdom
- Einsemd

Moglege behov:

- Tiltak for å behalde tilsette i arbeid
- Tett oppfølging av ungdom som står utanfor arbeidslivet
- Tiltak for å bekjempe barnefattigdom

Fysisk, biologisk, kjemisk og sosialt miljø (miljøretta helsevern)

Suldal kommune har mange fine friluftsområde og er rik på natur – fjell, skog, dal, elv og fjord. Dette gir store høve for aktivitet, friluftsliv, jakt og fiske og turisme, noko som ein ser som svært positivt for folkehelsa i kommunen. Suldal har eit aktivt kultur- idretts og organisasjonsliv med om lag 150 registrerte lag og organisasjonar. Styrking og etablering av fleire sosiale møteplassar er viktig.

Støv og støy

Støv og støy frå Norsk Stein er ei ulempe, men representerer vanlegvis ikkje noko direkte helsefare og blir sett på som primært å vere eit problem for det interne arbeidsmiljø. Ved stort nedfall av støv frå granitt/gneis over lang tid i område med liten bufferevne, vil det kunne oppstå kontaktskadar, demping av fotosyntese og ein kanskje ei viss forsuring av jordsmonnet. Støy kan påverka livskvalitet til dei fastbuande og hytteigarane i området. Norsk Stein har utsleppsbegrensningar i høve støy, avfall og luft- og sjøutslepp og har derfor ei plikt til å redusere forureining så langt som mogleg. Suldal har mange kraftgater, men det er ikkje funne sikre vitskapelege haldepunkt for at dei felta me vert utsette for i dagleglivet gir nokon form for skade eller sjukdommar.

Miljø

Ungdata undersøkinga kartlegg livssituasjonen til ungdommane. Opplevinga av einsemd er ein faktor som påverkar den psykiske helsa. I Suldal syner undersøkinga at 23% av elevane på ungdomstrinnet den siste veka har vore plaga av einsemd "ganske mykje" eller "veldig mykje". Samanlikna med 2016 har talet stige med 5% og samanlikna med 2013 har talet sunke med 1%.

I Suldal er det brei busetnad og lokalmiljøet kan gje ulike moglegheiter til å utfalde seg og ha sosialt samvær. Barn og unge bruker lokalmiljøet i større grad og på ein annan måte enn foreldra. Trygge og sunne lokalmiljø er derfor særleg viktig for velferda til denne aldersgruppa.

I Suldal er 68% av ungdomane nøgde med lokamiljøet sitt. Prosentdelen ungdomar som er nøgde med lokalmiljøet er synkande frå 8. trinn (75%) til 10. Trinn (57%). Nøkkeltala i undersøkinga viser at den faktoren ungdomane opplever som dårlegast er kollektivtilbodet.



Kjelde: Ungdata, 2019. Svar på spørsmål: «har du vore plaga av einsemd i løpet av den siste veka?» Prosentandel av ungdomsskuleelevar i Suldal og i Noreg.



Kjelde: Ungdata, 2019
Korleis ungdom opplev tilbodet der dei bur.

Vasskvalitet

I Suldal kan det sjå ut som me har dårleg vasskvalitet. Det er ikkje tilfelle. Grunnen til at berre 25% av innbyggarane har blitt registrert med god vasskvalitet (ecoli) i 2018 skyldast at me har tatt for få målingar på enkelte vassverk til å få godkjent score. Rutinen blir endra i frå 2020. Dei målingane som har blitt tatt er gode.

Vasskvalitet	2016	2017	2018
Innbyggarar med god vasskvalitet i %- ecoli*	100	80	25
Innbyggarar med god vasskvalitet i % - ph	100	100	100

Kjelde: SSB, KOSTRA-tal

Hovudutfordringar:

- Sosialt miljø (ungdata) einsemd
- Vasskvalitet
- Nøgd med kollektivtilbodet i kommunen

Moglege behov:

- Styrking og etablering av sosiale møteplassar for ungdom
- Auka behov for psykisk helsehjelp til barn og unge
- Auka innsats med psykososialt miljø
- Kartlegging av forureining i Suldal og arbeida vidare med klimaplana
- Auka behov for tilrettelegging av fysisk aktivitet

Skadar og ulukker

Ulukker med personskade er eit vesentleg folkehelseproblem som også rammar yngre aldersgrupper. Generelt har Suldal eit lågare tal på skadar enn landet, men skil seg ikkje spesielt frå fylket når det gjeld skadar som har ført til sjukehusinnleggingar. Talet pasientar som vart innlagt på somatisk sjukehus frå Suldal har vore stabilt frå 2010 og fram til 2017. Siste registrerte tal frå 2017 syner at totalt 12,3 personar pr. 1000 innbyggjar vart innlagt og behandla på sjukehus.

Skadar og ulukker på veg

Skadar og ulukker på veg har auka dei siste åra. Suldal kommune har totalt ca. 108 mil med veg. Nokon av vegstrekningane har fått ein kraftig trafikkauke dei siste åra, og nokon av desse strekningane er også rasutsette og trafikkfarlege grunna skarpe svingar, hellingar og smal vegbane.



Kjelde: SSB. Statistikk over vegtrafikkulukker. Suldal 2000-2018.



Sjukdomsgruppe- skade per 1000 innbyggar. Blå = skader, Oransje = hodeskader, Grå = Hoftebrot.

Hovudutfordringar:

- Å få ned antal drepne og skadde i trafikken
- Å førebygga ulykker

Moglege behov:

- Framleis fokus på vidareutvikling av førebyggande tiltak.
- Auka arbeidet med miljøretta helsevern, og å førebyggje ulukker med atferdsretta og haldningsretta tiltak, t.d. føreyggjande heimebesøk til dei oveer 75 år, gratis strøsand til eldre, auka fysisk aktivitet og bruk av sikkerhetsutstyr
- Trafikksikringstiltak på veg

Helserelatert åtferd

Helserelatert åtferd handlar om den åtferda som særleg spelar inn på helsa vår i negativ eller positiv forstand. Fysisk aktivitet førebygg mellom anna type 2 diabetes, hjarte-karsjukdommar, muskel- og skjelettplager og enkelte formar for kreft. Nasjonal statistikk syner at det er sosioøkonomiske forskjellar på grad av fysisk aktivitet, kor dei som har høg utdanning er meir fysisk aktive enn dei med lågare utdanning.

Skjermtid

I dag speler digitale medium ei sentral rolle i kvardagen, både for skulearbeid og det sosiale livet til ungdomar. Skjermtida aukar gjennom ungdomstrinnet og det er ein skilnad på kva gutar og jenter bruker digitale medium på i fritida. I Suldal bruker 39% av gutane minst to timar kvar dag på elektroniske spel, mot 18% av jentene. På sosiale medium bruker 53% av jentene minst to timar kvar dag på sosiale medium, mot 23% av gutane *(Ungdata 2019).*

Tannhelse

I høve tannhelse, har Suldal ein høgare andel kariesfrie 5-, 12-. åringar enn alle nærliggande kommunar, fylket og landet. Når det gjeld 18-åringar er me omtrent likt (litt under) som nærliggande kommunar, fylket og landet (Kjelde: Tannhelse Rogaland FKF). Dette kan bety at førekomst av tannlause hjå eldre kan vere mindre i framtida



Kjelde: Ungdata 2019

Hovudutfordringar:

- Fysisk inaktivitet
- Manglande oversikt over kva barn og unge gjer på nett

Moglege behov:

- Auka innsats i helseførebyggande arbeid blant barn og unge

Helsetilstand

Helsetilstanden er summen av psykisk og somatisk helse og uhelse hjå eit individ. Gjennomsnittleg forventa levealder i Suldal, var i perioden 2003-2017 78,5 for menn og 84,8 for kvinner. Den vanlegaste dødsårsaka i Suldal er kreft, deretter hjarte- og karsjukdommar. Me har ein høgare andel som dør av kreft i Suldal enn resten av fylket. Suldal har lågare tal personar med psykiske lidingar som har vore i kontakt med primærhelsetenesta enn på fylkes- og landsbasis.

Sjukefråvær

Sjukefråværet (legemeldt) har auka dei siste åra, spesielt blant kvinner. Sjukefråværet har auka mest innan helse- og omsorg, som er kvinnedominerte yrke. Det totale sjukefråveret i kommunen (oransje linje) ligg no over landsgjennomsnittet (svart linje), og det er uvanleg. Det totale sjukefråværet i kommunen (oransje linje) ligg no over landsgjennomsnittet (svart linje), og det er uvanleg.

Psykiske lidingar

Tal brukarar av legemidlar ved psykiske lidingar har for landet og fylket vore noko aukande, medan det i Suldal har vore ein nedgang. Det har vore meir bruk av legemidlar mot søvnvanskar i aldersgruppa 0-44 år.

Somatiske lidingar

Når det gjeld somatiske lidingar er det færre personar som oppsøkjer primærhelsetenesta grunna muskel- og skjelettlidingar i Suldal. Vidare ser ein at det i Suldal er vesentleg lågare tal personar som er i kontakt med primærhelsetenesta i høve hjarte- og karsjukdommar. Likevel ser ein at tala for kontakt med spesialisthelsetenesta for begge sjukdomsgrupper ikkje skil seg eintydig frå landet og fylket. Hjarte- og karsjukdommar skuldast mellom anna arvelege faktorar i samspel med faktorar som røyking, høgt blodtrykk, høgt kolesterolnivå og diabetes. Suldal har eit lågare tal brukarar av legemidlar til behandling av type 2 diabetes. Ein ser at kommunen har eit høgare tal av nye tilfelle av tjukk- og endetarmskreft enn fylket og landet. Hjå menn ser ein at Suldal har fleire nye tilfelle av prostatakreft enn på landsbasis. Suldal har eit lågare tilfelle av lungekreft. I følgje folkehelseprofilen er det eit litt høgare tal kvinner som røyker i Suldal enn i Rogaland og resten av landet. Kosthald, fysisk aktivitet, røyke- og alkoholvanar er faktorar som har betyding for kreftførekomsta. Det reknast at eitt av tre krefttilfelle heng saman med levevanar. Ei endring i innbyggjarane sine levevanar har derfor eit stort potensiale til å redusere risikoen for å utvikla kreft.

Vaksinasjonsgrad

Suldal har ein høgare andel fullvaksinerte barn og ligg på 97.9 % for 9-åringar. Me har og høgare dekningsgrad på influensavaksinasjon for personar over 65 år enn landet og fylket, men er framleis langt unna den nasjonale målsetninga på 75 %.

Antibiotikabruk

Antibiotikabruken i kommunen er lågare enn landsnivået. Antibiotika er viktige og effektive medisinar i behandling av infeksjonar som skuldast bakteriar. Feil bruk av antibiotika kan føra til utvikling av antibiotikaresistente bakteriar. Det betyr av antibiotika ikkje lenger har effekt på desse bakteriane.









Kjelde, alle grafar: Kommunehelsa statistikkbank



Kjelde: SSB, sjukefråvær per kvartal

Hovudutfordringar:

- Fysisk inaktivitet
- Hjerte- og karsjukdom
- Kreft

Moglege behov:

- Auka tilbod om livsmeistring, og psykisk behandling til unge, vaksne og eldre
- Styrking av helsefremmande og førebyggande tenestetilbod
- Tiltak for å auka kunnskap om livsstil, helse og sjukdomsteikn